Hordaland Fylkeskommune
3 OKT 2014

Ytre Hardanger Opplæring

Sandvenvegen 40
5600 NORHEIMSUND
TELEFON: 56 55 38 80
TELEFAKS: 56 55 38 88
MOBILTLF.: 91 55 33 38 Tone
99 10 35 80 Svanhild

E-POST: post@yho.no
BANKGIRNR.: 3530 07 04318
ORG.NR.: 980 329 216
HEIMESIDE: www.yho.no

Hordaland fylkeskommune
Opplæringsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Norheimsund, 24.09.14

UTTALE TIL FORSLAG OM NEDLEGGING AV KLASSAR I BYGG OG ANLEGG

Kvam og Jondal har mange byggjefirma med stadig behov for rekruttering av nye fagfolk. Ei nedlegging av klassane vg1 bygg- og anlegg og vg2 byggteknikk, vil få svært negative konsekvensar for søknaden til faget og oppretting av nye læreplassar. Bransjen har dei siste åra kontinuerleg teke inn lærlingar. Dette er med svært få unntak lokale ungdommar.

Oppretting av fleire læreplassar er eit fylkeskommunalt og nasjonalt satsingsområde. Ytre Hardanger Opplæring arbeider no med prosjektet *Yrkesfag i Fokus*, som har som føremål å få fleire elevar til å søkja yrkesfaglege studieretningar i kommunane Kvam, Jondal og Samnanger. For å få ungdommar til å søkja yrkesfag, er det viktig å ha eit breiast mogeleg spekter av valmoglegheiter.

Slik situasjonen er no, siktar mange seg inn mot ein arbeidsplass i oljenæringa. Dette har truleg i stor grad gått ut over populariteten til bygg og anlegg. Denne situasjonen vil endra seg, og det er svært uheldig å leggja ned plassar innan fag der bransjen treng rekruttering. Me ber om at fylkeskommunen tek omsyn til næringslivet sine behov i regionen og opprettheld tilbodet om vg1 bygg- og anlegg.

Mvh.

| | | |
|---|---|---|
| *Fredrik Gravdal* | *Runar Botnen* | *Per Augestad* |
| Hardanger Byggsenter AS | Botnen Entreprenør AS | Byggmeister Per Augestad AS |
| *FOR.* Hans Gravdal | Runar Botnen | Per Augestad |
| Kvam Vaktmeistersentral AS | Kvammabygg AS | Byggmeister Terje Kolltveit AS |
| Audun Jensen | Arne Lunestad | Terje Kolltveit |
| *Stig Byrkjeland* | *Tone Søgaard* | *Bjørn Øyri* |
| Byrkjeland Bygg og Eindom | Ytre Hardanger Opplæring | GBS-Entreprenør AS |
| Stig Byrkjeland | Tone Søgaard | Bjørn Øyri |